

Saksnr
36/17

Utval
Formannskapet

Møtedato
04.10.2017

INVESTERINGSPROGRAM FOR FYLKESVEGNETTET TIL RTP 2018-2029 - HØYRINGSUTTALE FRÅ STORD KOMMUNE

Framlegg til vedtak/høyringsuttale:

Stord kommune registrerer at det ikkje er sett av særleg meir midlar til drift og vedlikehald i åra framover enn det har vore tidlegare, samtidig som det er slått fast at med dagens rammer vert det vanskeleg å nå fylkeskommunen sine mål om å stoppa forfallet og å ta att vedlikehaldsetterslepet. Kommunen saknar her ei synleggjering av behovet for meir midlar til drift og vedlikehald for betre å kunna arbeida for å få auka rammene til dette i Nasjonal transportplan. Kommunen er uroa dersom fylket vil auka ramma til vedlikehald gjennom å redusera driftsbudsjettet. Det vil i så fall gå ut over trafikktryggleiken, tilgjenge og kor brukarvenlege haldeplassar, rasteplassar mv. vil verta.

Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen set av midlar slik at dei kan yta tilskot til mindre samarbeidsprosjekt slik at til dømes kommunale vatn- og avlaupsprosjekt kan utvidast til og å omfatta gang-/ sykkelvegar og oppgradering av køyreveg og haldeplassar.

I tillegg til Fv. 67 Litlabøvegen, Fv. 544 Vabakkjen-Leirvik sentrum-Ådland bru, Fv.545 Stord vestsida, Huglosambandet, ferjesambandet Stord-Kvinnherad og Stordpakken, ber kommunen om at følgjande prosjekt vert teke inn i planprogrammet og porteføljen for større investeringsprosjekt dei neste tolv åra:

- Fv. 68, Ny veg i forlenging av Tysevegen og over til Øvre Sæ. Her har arbeidet med reguleringsplan starta opp noko kommunen meiner må koma med i planprogrammet.
- Fv. 72, Dåfjordvegen. Her må det lagast reguleringsplan noko kommunen meiner må omtalast i planprogrammet.
- Fv. 545, Sagvågsvegen. Her må det lagast reguleringsplan noko kommunen meiner må omtalast i planprogrammet.

Huglosambandet må også inn i planprogrammet. Det må settast av planmidlar slik at ein så snart som råd kan gå i gang med å utarbeida reguleringsplan for sambandet. Kommunen meiner generelt at investeringsprogrammet må ha med eit oversyn over kva for reguleringsplanar som skal utarbeidast i planperioden.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.10.2017

Vedtak / høyringsuttale

Stord kommune registrerer at det ikkje er sett av særleg meir midlar til drift og vedlikehald i åra framover enn det har vore tidlegare, samtidig som det er slått fast at med dagens rammer vert det vanskeleg å nå fylkeskommunen sine mål om å stoppa forfallet og å ta att vedlikehaldsetterslepet. Kommunen saknar her ei synleggjering av behovet for meir midlar til drift og vedlikehald for betre å kunna arbeida for å få auka rammene til dette i Nasjonal transportplan. Kommunen er uroa dersom fylket vil auka ramma til vedlikehald gjennom å redusera driftsbudsjettet. Det vil i så fall gå ut over trafikktryggleiken, tilgjenge og kor brukarvenlege haldeplassar, rasteplassar mv. vil verta.

Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen set av midlar slik at dei kan yta tilskot til mindre samarbeidsprosjekt slik at til dømes kommunale vatn- og avlaupsprosjekt kan utvidast til og å omfatta gang-/ sykkelvegar og oppgradering av køyreveg og haldeplassar.

I tillegg til Fv. 67 Litlabøvegen, Fv. 544 Vabakkjen-Leirvik sentrum-Ådland bru, Fv.545 Stord vestsida, Huglosambandet, ferjesambandet Stord-Kvinnherad og Stordpakken, ber kommunen om at følgjande prosjekt vert teke inn i planprogrammet og porteføljen for større investeringsprosjekt dei neste tolv åra:

- Fv. 68, Ny veg i forlenging av Tysevegen og over til Øvre Sæ. Her har arbeidet med reguleringsplan starta opp noko kommunen meiner må koma med i planprogrammet.
- Fv. 72, Dåfjordvegen. Her må det lagast reguleringsplan noko kommunen meiner må omtalast i planprogrammet.
- Fv. 545, Sagvågsvegen. Her må det lagast reguleringsplan noko kommunen meiner må omtalast i planprogrammet.

Huglosambandet må også inn i planprogrammet. Det må settast av planmidlar slik at ein så snart som råd kan gå i gang med å utarbeida reguleringsplan for sambandet. Kommunen meiner generelt at investeringsprogrammet må ha med eit oversyn over kva for reguleringsplanar som skal utarbeidast i planperioden.

«Bompengeprojektet for Stord vestsida har berre midlar til ei minimumsløysing ved kommunegrensa mellom Stord og Fitjar. Kommunen bed fylkeskommunen om å løyva investeringsmidlar slik at projektet kan fullførast slik det opphavleg var planlagt.»

Handsaming

Samrøystes vedteke

Gaute S. Epland (Ap) kom med framlegg til siste avsnitt slik det ligg føre i vedtaket / høyringsuttalen.

Dokumentliste

S	20.09.2017		Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018 - 2029 - høyringsuttale frå Stord kommune
I	28.08.2015	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 Høyring av framlegg til planprogram
I	21.09.2015	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Fwd: RTP - ny frist
I	29.09.2015	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Retting - Planprogrammet for Regional transportplan 2018 - 2029
I	06.04.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - vedteke planprogram og vidare arbeid
I	09.02.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - info om høyring av planforslag
I	24.02.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyring av planforslag
S	08.03.2017		Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - uttale frå Stord kommune
X	04.04.2017		Særutskrift Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - uttale frå Stord kommune
U	05.04.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - uttale frå Stord kommune
I	05.04.2017	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Høyring regional transportplan - Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin uttale til Hordaland fylkeskommune
I	13.09.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Høyring - Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Vedlegg

- 1 Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018 - 2029
- 2 Høyringsbrev

Innleiing (bakgrunn for saka)

Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga har i brev av 16.08.2017 sendt investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan (RTP) 2018-2029 på høyring. Høyringsfristen er 20. oktober.

I innleiinga til investeringsprogrammet står det at programmet er ein handlingsplan for å følgja opp mål, strategiar, prioriteringar og bindingar i RTP Hordaland 2018-2029. RTP Hordaland 2018-2029 vart vedteken av fylkestinget i juni 2017. Stord formannskap gav uttale til planen i møte 04.04.2017.

Investeringsprogrammet skal gjelda for heile perioden på tolv år. Programmet skal rullerast kvart år i tillegg til at behovet for revisjon med høyringsrunde av RTP skal vurderast kvart fjerde år og fyrste gong i 2021. Det står at det difor er eit levande dokument som kan justerast i tråd med forbruk, situasjonen på fylkesvegnettet og endringar i dei økonomiske rammene i den årlege økonomiplan- og budsjettprosessen.

Investeringsprogrammet er det fyrste for fylkesvegnettet i Hordaland og skal inkludera og erstatta det tidlegare årlege Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane utanom Bergen og Handlingsplanen for trafikksikring i Hordaland.

I innleiinga står det at sentralt for investeringsprogrammet er å byggja opp ein langsiktig prosjektportefølgje som gjev ein tryggleik på kva for fylkesvegane som skal prioriterast, kva type tiltak som skal realiserast og når dette vil skje. Det står vidare at ved å byggja opp ein prosjektportefølgje vert det enklare å nytta dei årlege tildelte midlane dersom bundne prosjekt vert mindre enn venta eller får forseinka framdrift. Det vert og lettare å velja dei rette prosjekta dersom løyvingane til samferdsel aukar i åra framover.

I innleiinga står det vidare at med dagens rammer vert det vanskeleg å nå fylkeskommunen sine mål som mellom anna å stoppa veksten på forfallet, ta att vedlikehaldsetterslepet og setja i gang større nye enkeltstående investeringsprosjekt på fylkesvegnettet. Programmet skal difor synleggjera behovet for fornying, opprusting og nyinvesteringar på fylkesvegnettet, og at det vil vera nødvendig med vekst i dei økonomiske rammene for å nå måla i RTP.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Under kapittelet økonomiske rammer går det fram at årlege løyvingar til drift og vedlikehald kvart år i tolvårsperioden er sett til 513 mill.kr. Dei siste 3 åra har det vore budsjettert med 485 – 531 mill.kr slik at auken er heller liten.

Til fylkesveginvesteringar vert det sett av om lag 600 mill. kr (eksklusiv meirverdiavgift) i årlege løyvingar, og desse må i stor grad lånefinansierast.

Alle bindingar i større fylkesvegprosjekt som igangsette prosjekt, fylkeskommunale midlar til bompengepakkar og refusjon av forskotteringar i perioden må følgjast opp og avgrensar med det investeringsramma.

Under økonomiske rammer er det eit punkt om spleiselag for investeringar til fylkesvegnettet. Her står det m.a. at kommunar eller andre tiltakshavarar kan søkja om å forskottera prosjekt som er planlagt gjennomført. Investeringsprogrammet med fagleg utarbeidde prosjektereservar vil då vera eit nyttig verktøy for å handsama forskotteringsøknader og fastsetja refusjonstidspunkt. Men omfanget av forskottering frå fylkeskommunen er mykje mindre no enn tidlegar og sett til maks 15 mill.kr per prosjekt.

Det står og at fylkeskommunen yter tilskot på fylkesvegar der andre er byggherre, og at det mest vanlege er kommunar som skal leggja vatn- og avløpsleidningar langs fylkesvegnettet og samtidig leggja til rette for mjuke trafikantar.

Under økonomiske rammer er og omtalt statlege tilskotsordningar som tilskotsordninga for sykkelsatsing og ferjeavløysingsmidlar.

Kapittel 5, prioritering av prosjekt og tiltak, omhandlar drift og vedlikehald av fylkesvegar, planprogram, og investeringar på fylkesvegnettet.

Rammene til drift er sett til 432,5 mill.kr og til vedlikehald 75,5 mill.kr. i året. Det står at behovet for midlar til å vedlikehalda fylkesvegnettet er langt større, og at det over lang tid ha vore underfinansiert. Ein legg opp til ein gradvis auke av ramma til vedlikehald fyrst og fremst ved å redusera standarden i nye driftskontraktar og ved at det vert utarbeidd eit grunnlag for politisk handsaming for å redusera kostnadane til drift av fylkesvegnettet for på sikt å kunna disponera meir av totalramma til vedlikehald. Aktuelle tiltak for moglege innsparingar ved endra driftsstandard er redusert vintervedlikehald, redusert brøyting/ strøying av haldeplassar, ikkje feiing/ kosting og vårreingjering, redusert reparasjon av asfaltdekke, redusert tunnelvask, stenging av vinterveg, avgrensa kantslått, stenging av toalett/ service bygg og rasteplassar, ingen tildekking/ fjerning av ferist i vinterhalvåret.

Til planprogram vert det sett av 15 mill.kr årleg. Det står at det fyrst og fremst er vedtekne investeringsprosjekt med avklart finansiering som skal planleggjast, men at det samtidig er behov for å planleggja tiltak for å få fram behovet og for å få eit realistisk kostnadsbiletet. Det står vidare at det må liggja føre minst ein reguleringsplan før søknad om bompengefinansiering kan fremjast for Stortinget og at det samtidig er viktig å ha ein prosjektreserve med regulerte større prosjekt.

Under reguleringsplanar under arbeid er det med to planar i Stord, reguleringsplan for Fv 67 Litlabøvegen (prosjekt i ein eventuell Stordpakke) og Fv. 545 kommunegrensa Stord-Fitjar (prosjekt i vestsidepakken).

Under reguleringsplanar som vert ferdigstilt i 2017 er Fv. 544 Vabakkjen-Leirvik sentrum-Ådland bru (prosjekt i ein eventuell Stordpakke).

Under fordeling av fylkeskommunale investeringsmidlar til fylkesvegane i tolv års perioden, er det berre prosjektet Stord vestside og midlar til framtidige bompengepakkar som tilkjem Stord i tillegg til eventuelle mindre prosjekt frå det som er sett av til mindre utbetringar(spleiselag), kollektiv, trafikkisikring, gang og sykkel, miljø og service, planprogram og grunnerverv.

Under framtidige bompengepakkar og prosjekt er Stordpakken og ferjeavløysingsprosjektet for fastsambandet Huglo-Tysnes omtalt. For ferjesambandet Huglo-Tysnes må det utarbeidast reguleringsplan før ein søknad om ferjeavløysingsmidlar kan handsamast. Ordninga vert endra frå 01.01.2018. Etter 2018 vil det vera nok at eit prosjekt kortar inn eit ferjesamband og ikkje som i dag at

det fullt ut må erstatta eit ferjesamband. Men etter 2018 er det meir uvisst enn i dag kva ein vil få i tilskot for dei enkelte sambanda.

Investeringsprogrammet byggjer m.a. på strekningsvise utgreiingar på det overordna vegnettet. Her er det strekning 3: Odda-Svortland og strekning 4: Sveio-Bergen som går over Stord. I strekning 3 inngår ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Prosjektet er omtalt i planomtalen.

I strekning 4 inngår Fv. 545 frå Meatjørn til grensa med Fitjar og koplingane mot FV. 67 Litlabøvegen, Fv.71 Flyplassvegen og Fv 72 Dåfjordvegen.

Vurdering

Rådmannen registrerer at det ikkje er sett av særleg meir midlar til drift og vedlikehald i åra framover enn det har vore tidlegare, samtidig som det er slått fast at med dagens rammer vert det vanskeleg å nå fylkeskommunen sine mål om mellom anna å stoppa veksten på forfallet og å ta att vedlikehaldsetterslepet. Rådmannen saknar her ei klarare synleggjering av behovet for meir midlar til drift og vedlikehald for betre å kunna arbeida for å få auka rammene til dette i Nasjonal transportplan. Rådmannen er uroa over dei skisserte tiltaka for å auka ramma til vedlikehald med å redusera driftsbudsjettet då dette vil gå ut over trafikktryggleiken, tilgjenge og kor brukarvenlege haldeplassar, rasteplassar mv. vil verta.

Det er positivt at fylkeskommunen set av midlar slik at dei framleis kan yta tilskot til mindre samarbeidsprosjekt slik at til dømes kommunale vatn- og avløpsprosjekt kan utvidast til og å omfatta gang-/ sykkelveggar og oppgradering av veg og haldeplassar. Likeeins er det positivt at fylkeskommunen framleis kan løyva midlar til eigenandelen til den statleg tilskotsordninga for sykkelsatsing til aktuelle gang-/ sykkelvegprosjekt langs fylkesvegane i kommunen.

Prosjekta Fv. 67 Litlabøvegen, Fv. 544 Vabakkjen-Leirvik sentrum-Ådland bru (miljøgateplanen), Fv.545 Stord vestsida strekningen på grensa mellom Stord og Fitjar), Huglosambandet, ferjesambandet Stord-Kvinnherad og Stordpakken er omtalt under kapitelet prioritering av prosjekt og tiltak og utgjør del av planprogrammet og prosjektportefølgjen for større investeringsprosjekt dei neste tolv åra.

I tillegg til desse prosjekta meiner rådmannen følgjande prosjekt på fylkesvegnettet i Stord kommune må omtalast i investeringsprogrammet:

- Fv.68 - Ny veg i forlenging av Tysevegen og over til Øvre Sæ. Her har arbeidet med reguleringsplan starta opp noko kommunen meiner må koma med i planprogrammet.
- Fv.72 - Dåfjordvegen. Her må det lagast reguleringsplan noko kommunen meiner må omtalast i planprogrammet
- Fv. 545 - Sagvågsvegen. Her må det lagast reguleringsplan noko kommunen meiner må omtalast i planprogrammet.

Når det gjeld Huglosambandet, meiner rådmannen prosjektet og må koma med i planprogrammet slik at det vert synleggjort at dette er eit prosjekt det skal prioriterast å laga reguleringsplan for.

Når det elles gjeld planprogrammet, så saknar rådmannen eit underkapitel om kva reguleringsplanar som skal startast på i perioden og ikkje berre underkapitel om reguleringsplanar under arbeid, reguleringsplanar som vert ferdigstilt i 2017, kommunedelplanar, utgreiingar og forprosjekt og planlegging og utgreiingar på fylkesveg i kommunal regi.

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen rår til at formannskapet sluttar seg til forslaget til høyringsuttale.

Plan for gjennomføring

Investeringsprogrammet skal vedtakast av fylkestinget i løpet av hausten 2017.